



Sykkylven kommune

Serviceforret

Det kgl. kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

KOMM. OG REG. DEP

- 1 SEPT 2006

Ark.

Avd. / /

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 31.08.2006
Vår ref.: 2006/687-6575/2006
Klassering: 010

Saksbeh.: Torill Olin Skjeret
Telefon: 70 24 66 57

Høringsuttale - endringsforslag til vallova

Sykkylven kommune har handsama sak om ovannemnde.

Sykkylven formannskap gjorde i sak 48/06 slikt vedtak:

Til foreslåtte lovendringar:
Sykkylven kommune

- går imot lovfesta bruk av valkort. Ein bør halde fast på dagens ordning der det er opp til kvart enkelt valstyre å vurdere om det er behov for å sende valkort til alle veljarane.
- støtter forslaget om tidlegare avslutting av perioden for førehandsstemming, og tilsvarende framskyving av fristen for å søke ambulerande røysting.
- går imot forslaget om å utsette fristen for at førehandsstemmene skal vere framkomne til valstyret. Sykkylven meiner dagens ordning bør halde fram. Dette for å unngå unødvendig forseinking av valresultatet. Tidlegare avslutting av førehandsstemmeperioden vil også minke behov for ei slik utsetting.
- støtter forslaget om lovfesting av at ukjend veljar skal legitimere seg. Dette vil det ved somme høve gjere det lettare å be om legitimasjon, når ein kan vise til lovheimel.
- støtter forslaget om at telling av førehandsrøystene kan starte søndag før valdagen.

Andre problemstillingar departementet tek opp:
Sykkylven kommune meiner at

- skjeringsdato for manntalet bør vere som no. Utsetting i ein månad vil ha liten effekt, og vil berre skape meirarbeid i det som elles er ei periode med ferieavvikling.
- publisering av meningsmålingar bør ikkje tillast etter fredag før valdagen.

Kopi av saksutgreiing frå Sykkylven formannskap m. protokoll er vedlagt.

Med helsing


Torill Olin Skjeret
konsulent



Dato: 05.07.2006
Arkivref: 2006/687-5218/2006

Saksbeh.: Torill Olin Skjeret

Saksnr	Utval	Møtedato
48/06	Formannskapet	28.08.2006

Høyring: Forslag til endringar i vallova

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Sykkylven formannskap har slike merknader/kommentarer til forslaget til endringar i vallova;

og til dei andre problemstillingane som departementet ber om ev. uttale på:

Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 28.08.2006

Behandlingsinformasjon:

Formannskapet drøfta seg fram til eit samrøystes vedtak når det gjeld endringsforslaga i vallova.

Når det galdt signal i andre problemstillingar, var vedtaket vedk. skjeringspunkt for manntalet samrøystes.

Vedtaket vedk. publisering av meningsmålingar vart gjort med 5 mot 4 røyster. Mindretalet meinte at publisering av meningsmålingar bør tillatast fram til valdagen.

Vedtak:

Til foreslåtte lovendringar:

Sykkylven kommune

- går imot lovfesta bruk av valkort. Ein bør halde fast på dagens ordning der det er opp til kvart enkelt valstyre å vurdere om det er behov for å sende valkort til alle veljarane.
- støtter forslaget om tidlegare avslutting av perioden for førehandsstemming, og tilsvarande framskyving av fristen for å søke ambulerande røysting.
- går imot forslaget om å utsette fristen for at førehandsstemmene skal vere framkomne til valstyret. Sykkylven meiner dagens ordning bør halde fram. Dette for å unngå unødvendig forseinking av valresultatet. Tidlegare avslutting av førehandsstemmeperioden vil også minke behov for ei slik utsetting.
- støtter forslaget om lovfesting av at ukjend veljar skal legitimere seg. Dette vil det ved somme høve gjere det lettare å be om legitimasjon, når ein kan vise til lovheimel.
- støtter forslaget om at telling av førehandsrøystene kan starte søndag før valdagen.

Andre problemstillingar departementet tek opp:

Sykkylven kommune meiner at

- skjeringsdato for manntalet bør vere som no. Utsetting i ein måned vil ha liten effekt, og vil berre skape meirarbeid i det som elles er ei periode med ferieavvikling.
- publisering av meningsmålingar bør ikkje tillatast etter fredag før valdagen.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Departementet har sendt ut på høyring forslag til endringar i vallova. Eit av formåla med nokre av endringsforslaga er å forsøke å få ned talet på forkasta stemmegjevingar både når det gjeld førehandsrøyster og når det gjeld valtingsrøyster.

Saksopplysning/Vurdering

Vi lister her opp endringsforslaga, og viser til korleis det er i dag, og knyter ev. kommentarer til dei. Ikkje alle endringsforslaga gjeld tema som har vore aktuelle problemstillingar i Sykkylven til no, men det kan sjølvstendig endre seg.

1. Departementet vil lovfeste plikt for kommunane til å sende ut valkort til alle veljarar.

Då valkort vart innført var det staten/dep. som sende ut valkort til alle veljarar (og tok kostnaden med det), seinare gjekk dei bort frå det og det har vore opp til valstyra sjølv å bestemme om det skal sendast ut valkort til alle.

Når det gjeld førehandsrøystinga skal det nyttast valkort, og her skriv ein ut valkort frå EDB-systemet for dei aktuelle etter behov.

For Sykkylven sitt vedkomande har ein ikkje hatt nevneverdig behov for valkort på sjølve valdagen, t.d. i samband med leiting i manntalet. Men valkort kan sjølvstendig ha sin funksjon for å minne folk om valet, og orientere dei om kva valkrins dei høyrer til, og i somme tilfelle kva kommune dei skal stemme i. Kjem dei til vallokalet å vil røyste og det viser seg at dei er manntalsført i ei anna kommune, må stemma forkastast.

Det er sjølvstendig ein kostnad med dette. Ved valet i 2005 ville det ha utgjort ein kostnad for Sykkylven kommune på om lag 40.000 kr. Så får ein vurdere om fordelane med utsending av valkort er så store at det forsvare ein slik kostnad.

Administrasjonen har ikkje sterke meiningar om det, men til no har valstyret vurdert å ikkje bruke valkort.

Formannskapet får vurdere om det vil ha med i uttalen om det vil gå imot å lovfeste utsending av valkort og heller går inn for dagens ordning der det er opp til kvart enkelt valstyre å vurdere.

2. Tidlegare avslutting av førehandsstemmeperioden.

Departementet foreslår å avslutte førehandsrøystinga ei veke tidlegare når det gjeld utanlandsstemmer, dvs. fredag ei veke før valdagen og innanlands ein dag tidlegare enn no dvs. torsdag før valdagen. Dette for å sikre at stemmene kjem fram i tide til å telje med.

Ein viser til høyringsskrivet. Vi trur ikkje at dette vil få konsekvensar for valdeltakinga, og ser positivt på ei slik endring. Det har ikkje vore noko stort problem i Sykkylven med mange stemmer som kjem for seint. Dette har også stort sett vore utanlandsstemmer.

3. Endringa av frist for å søke ambulerande stemmegjeving.

Dette vert ein konsekvens av at førehandsstemminga vert avslutta torsdag. Ambulerande stemmegjeving er førehandsstemming og fristen for å søke må settast slik at ein rekk å gjennomføre den i perioden for førehandsstemming. Ingen merknader, dette bør vere uproblematisk.

4. Førehandsstemmegjevingane må vere komne inn til valstyret innan kl. 2000 første tysdag etter valdagen.

Dei siste vala har fristen vore kl. 2000 på valdagen. Tidlegare var det ei periode der fristen var kl. 2400 på tysdag etter valdagen. Dette var ei tungvint ordning som forseinka valresultatet kraftig og som for vårt vedkomande hadde ingen eller svært lita betydning. Det førte til unødvendig venting på stort sett ingen ting. Det kom få og helst ingen stemmer dagen etter valdagen. Når det gjeld utanlandsstemmer som kjem for seint, har dei like gjerne kome onsdag eller torsdag etter valdagen.

Departementet viser m.a. til sein postgang og at nokre valstyre har vidaresendt stemmer som B-post, men då er det vel betre å ta opp postgangen med Postverket og be/oppmode valstyra i rundskriv/valhandbok ev. pålegge i forskrift om at stemmene må sendast med A-post i alle fall siste veka eller dei 2 siste vekene i førehandsstemmeperioden.

Skal ein tilbake til å avvente med valresultatet til seint tysdag kveld, vil også kandidatoppgjeret verte ytterlegare forseinka, for kommunestyrevalet kanskje langt ut på onsdag.

Går ikkje nærare inn på forslaget her, viser til høyringsnotatet og departementet sine argument. Frå administrasjonen si side ser vi berre ulemper ved å utsette valresultatet slik, det burde vere unødvendig. Dei som må førehandsstemme burde kunne gjere dette i så god tid at stemma kjem fram til valdagen. Når også førehandsstemmeperioden vart avslutta på torsdag før valet burde dette ikkje vere noko problem.

Det skal framleis lovfestast at det er veljaren sitt ansvar å avgi førehandsstemme på eit så tidleg tidspunkt at det når fram til rette valstyre i tide. Veljarar som ikkje vert heime på valdagen har rikeleg med anledning til å stemme på førehand og det burde vere unødvendig å vente til siste dagen.

Uansett, dersom departementet held fast på at ein skal vente på førehandsstemmer til dagen etter valet, bør ein vurdere å sette eit tidlegare klokkeslett. Vi får posten ein gong pr. dag, vanlegvis rundt lunsjtider, av og til tidlegare. Dermed kan vi nok seie aldri etter kl. 1400.

Formannskapet bør vurdere om det vil ta med i uttalen at ein går imot å endre fristen for når førehandsstemmer må vere innkomne til valstyret.

5. Lovfesting av at ukjend veljar skal legitimere seg.

Etter dagens lov kan stemmemottakar krevje legitimasjon. Departementet meiner at i praksis vert dette ikkje gjort, dersom ein oppgir namn og fødselsdato så får ein stemme. Det er ikkje avdekka at dette har vore misbrukt, men ein ser faren med at det kanskje kan det. Ved førre val, var dette eit tema også i media at det var for lett å få avgi stemme utan å legitimere seg.

Vi har ikkje merknader til dette, kanskje kan det vere lettare å be om legitimasjon dersom ein er litt usikker når ein kan vise til lova.

6. Foreløpig opptelling skal gjerast ved manuell telling.

og

7. Ved avvik mellom foreløpig og manuell telling skal kontrolltellinga vere manuelt.

Dette har vore lite aktuelle problemstillingar for Sykkylven til no, det kan sjølv sagt endre seg til seinare val. Vi viser til høyringsnotatet. Formannskapet får vurdere om det har noko innspel til dei problemstillingane departementet tek opp.

8. Forebels telling av førehandsstemmene kan starte på søndag før valdagen.

Til no har ein kunne tatt desse måndag (valdagen) og skal starte seinast 4 timer før vallokala stenger. I Sykkylven har vi talt desse måndag føremiddag. Har ein mange stemmer, ev. mykje anna å førebu kunne ein kanskje med fordel fått tatt dette arbeidet på søndagen.

Vi har dermed ikkje merknader til endringa. Det er sjølv sagt at resultatet av tellinga ikkje må kome ut før vallokala stenger, men det gjeld også når tellinga skjer måndag.

Andre tema/problemstillingar som departementet ynskjer synspunkt på:

Endring av skjeringsdatoen for manntalet. Departementet tek opp om skjeringsfristen kan flyttast endå lengre ut; frå 31.5. til 30.6.

Det vil bety at det vert meir arbeid, utlegging av manntal/ utsending av valkort m.m. i ferietida. Om dette har stor betydning kan vel diskutast.

Der vil alltid vere flytterregistreringar som kjem nær fristen og etter fristen, så det vil nok ikkje løyse alle problem omkring flytterregistrering/flytting og manntalsføring/kvar skal ein røyste.

Vi har likevel ikkje sterke meiningar om dette. Formannskapet får vurdere det.

Val og politiske meningsmålingar

Bør det innførast restriksjonar når det gjeld media sitt høve til å publisere meningsmålingar dei siste dagane før valet?

Dagens lov set begrensingar på å kunngjere resultat og prognoser på grunnlag av undersøkingar som er gjort valdagen. Dette kan berre skje dette kl. 2000 (når vallokala stenger)

Administrasjonen har ikkje sterke meiningar om dette. I både nasjonale og internasjonale undersøkingar finn ein ikkje noko eintydig signal om at slike publiseringar har noko særleg innverknad på partia si oppslutning eller forsterker/svekker tendenser i meningsmålingane.

Formannskapet får vurdere om det vil gje politiske signal vedk. dette.

//////////

Departementet vurderer det slik at endringsforslaga ikkje har økonomiske konsekvenser.

Saka vert lagt fram utan konkret framlegg til vedtak.

Formannskapet får vurdere endringsforslaga og problemstillingane departementet tek opp.

Administrasjonen vil likevel tilrå at formannskapet vurderer å uttale seg imot at fristen for at førehandsstemmene må vere innkomne til valstyret vert utsett til tysdag etter valet kl. 2000. Vidare også drøfte om det vil gå imot lovfesting av obligatorisk ordning med å sende ut valkort.

Erling Solsletten
rådmann

Torill Olin Skjeret
konsulent

Rett utskrift;


Torill Olin Skjeret, utvalssekr.